

INTENSJONSAVTALE

mellom

Sogn og Fjordane fylkeskommune (SFFK)

og

Gulen kommune (GK)

om

utvikling av eit visningssenter og kulturformidlingsbygg på Gulatinget



GULATING VISNINGSSENTER
- ET VISNINGSBYGG FOR TUSENÅRSSTADEN GULATING

For Gulen kommune og Sogn- og Fjordane fylkeskommune

1. PARTANE

Sogn og Fjordane fylkeskommune (SFFK) og Gulen kommune (GK) skal samarbeide om å utvikle eit visningssenter og kulturformidlingsbygg på Gulatinget i Gulen kommune. Fylkeskommunen og kommunen er likeverdige eigarar av prosjektet.

2. KVA AVTALEN GJELD

Partane vil samarbeide om å realisere eit visningssenter på Gulatinget og dette er ein intensjonsavtale som regulerer samarbeidet om planlegging, bygging og drift av senteret. I hovudtrekk skal SFFK stå som ansvarleg for oppføring av bygget og GK skal stå som ansvarleg for innhald og drift av senteret. Ein vil søke om statleg medverknad til finansiering av prosjektet.

3. BAKGRUNN – MÅL, FELLES INTERESSER

Tusenårsstaden Gulatinget vart opna 27. august 2005 til minne om Gulatinget, det største regionaltinget i Noreg i mellomalderen. Tingsamlingane i mellomalderen representerer ein særskild viktig del av vår nasjonale historie. Gulatinget gav oss vår første lovsamling – Gulatingslova – som er den eldste kjende lovsamlinga i Norden. Tinget er difor utgangspunktet for at landet utvikla seg til ein rettsstat. Tingsamlingane i mellomalderen er det historiske opphavet til vårt moderne demokrati. Historia knytt til Gulatinget er difor av stor nasjonal verdi. Formidling av denne historia må difor gå føre seg i rammer som står i forhold til den tyding Gulatinget har hatt.

Tusenårsstaden Gulatinget skal vere ein plass for formidling av historia knytt til Gulatinget. Ein ynskjer difor å etablere eit visningscenter på Tusenårsstaden Gulatinget som skal løyse formidlingsbehovet knytt til denne institusjonen.

Visningscenteret bør leggast til rette slik at det løyser ulike behov. Bygget skal ikkje berre nyttast til formidling retta mot grupper og einskildpersonar, men må og kunne nyttast til konferanse, kino, og anna relevant kulturformidling.

Styringsgruppa for Gulatinget legg difor opp til å etablere eit fleirbruks visningscenter som kan fungere som eit kommunalt og regionalt kulturbygg. På denne måten kan ein nytte ulike formidlingsteknikkar i formidlinga, samstundes som bygget også kan nyttast til ulike kulturarrangement ved sia av - eller som supplement til den historiske formidlinga.

4. FØRESETNADAR FOR AVTALEN

Det er ein føresetnad at fylkestinget og kommunestyret må slutte seg til og vedta at ei slik utbygging skal gjennomførast når naudsynt prosjektgrunnlag og plan for finansiering ligg føre. Partane er samde om å vidareutvikle og realisere prosjektet med grunnlag i skisseprosjekt av 10.10.2012 og i samsvar med tidlegare vedtak i saka.

Partane skal så tidleg som mogleg, og seinast før entreprisar vert kontrahert, vere samde om organisering, eigartilhøve, finansiering og drift av det nye visningscenteret. Likeeins må det avklarast korleis prosjektet vert organisert slik at gjeldane mva reglar og reglar for refusjon vert ivaretekne.

Partane yter i dag tilskot til drifta av Gulatingstaden. Det er eit mål at desse tilskota skal oppretthaldast og tilpassast ny drift.

Partane skal dele på utgifter i samband med forprosjektet. Om ein part forskoterer må den andre parten refundere sin halvpart dersom prosjektet stoppar opp/ikkje vert realisert

5. PLIKTER

GULEN KOMMUNE

- ∞ Syte for tomt og at naudsynt reguleringsgrunnlag ligg føre
- ∞ Stå som byggherre for etablering av kommunal infrastruktur i planområdet.
- ∞ Stå som ansvarleg for utstilling og drift etter at senteret er etablert
- ∞ Vere ein aktiv samarbeidspart i utvikling av det vidare konseptet for visningscenteret.

SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE

- ∞ Stå som tiltakshavar og prosjektansvarleg for gjennomføring av byggeprosjektet.
- ∞ Vere ein aktiv samarbeidspart i utvikling av det vidare konseptet for visningscenteret

6. INTENSJONSAVTALEN SIN VARIGHEIT

OPPSTART

Samarbeidet gjeld frå det tidspunkt avtalen er underteikna av både partar.

VARIGHEIT

Intensjonsavtalen gjeld fram til det ligg føre ein endeleg avtale om eigartilhøve, finansiering og drift. Alternativt kan intensjonsavtalen vert erstatta av ein ny samarbeidsavtale.

7. OPPSEIING

Intensjonsavtalen kan seiast opp skriftleg med 3 – tre - månader varsel frå kvar av partane.

8. PARTANE SINE KONTAKTPUNKT

Gulen kommune:	Rådmann Reidun Halland
Sogn og Fjordane fylkeskommune:	Fylkesrådmann Tore Eriksen / Bygge og eigedomssjef Jan Tore Rosenlund

Stad/dato

Signatur
Sogn og Fjordane fylkeskommune

Signatur
Gulen kommune